

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Ole Martin Dahle	K2 - L12	17/556

Saksnr	Utval	Type	Dato
118/18	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	04.12.2018
064/18	Kommunestyret	PS	13.12.2018

Gnr.4 bnr.2 m.fl.- Detaljplan Åsliane Gullingen- Slutthandsaming.

Innstilling frå Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) - 04.12.2018 - 118/18
Suldal kommune viser til rådmannen si innstilling og vil i medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenne detaljplan for gnr.4 bnr.2 m.fl. Åsliane, Gullingen, sist revidert 23.11.2018.

Rådmannen si innstilling

Suldal kommune viser til rådmannen si innstilling og vil i medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenne detaljplan for gnr.4 bnr.2 m.fl. Åsliane, Gullingen, sist revidert 23.11.2018.

Sand, 09.01.2019

Øyvind Valen
rådmann

Dokumentliste:

Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Åsliane - rett vedlegg
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Justeringar til framlegg til detaljreguleringsplan for Åsliane - plan id 201702
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane, Gullingen - Offentleg ettersyn.
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - DETALJPLAN ÅSLIANE - GULLINGEN - ÅSLIANE - TREKKING AV ADMINISTRATIV MOTSEGN
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Trekking av motsegn til detaljplan - Gullingen
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Hovudleidningsnett i planområdet Åsliane
Gnr 4 bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane - Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljplan
Gnr 4 bnr 2 mfl. - Kommentar/klage til Detaljplan Åsliane - Gullingen
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Uttale til detaljplan Åsliane, Gullingen
Gnr 4 Bnr 2 - Svar til Detaljplan for Åsliane, Gullingenområdet - til offentleg ettersyn
Uttale til detaljplan Åsliane, Gullingen
Gnr 4 bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane - Gullingen - uttale
Gnr 4 Bnr 2 m.fl. - Uttale til detaljplan Åsliane Gullingen
Gnr 4 Bnr 2 mfl - DETALJPLAN ÅSLIANE GULLINGEN PÅ OFFENTLEG ETTERSYN - UTTALE
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane, Gullingen - Offentleg ettersyn
Gnr.4 bnr.2- Detaljplan Åsliane- Gullingenområdet- 1.gongshandsaming
Gnr 4 bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane - Gullingenområdet - Detaljplanframlegg
Gnr 4 bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane - Svar på henvending
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Oppstartsvarsel for detaljplan Åsliane - Mellombels uttale - Kopi av brev til Norconsult AS
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Fv. 632 - Uttale til oppstartsvarsel for detaljplan Åsliane - Gullingen - Kopi av brev til Norconsult Ryfylke
Gnr. 4 bnr. 2 m.fl.- Kunngjering av igongsetjing av reguleringsarbeid

Vedlegg:

R01 Åsliane ID 201702
Illustrasjonsplan
Skisse kote ved tilbakeføring
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - DETALJPLAN ÅSLIANE - GULLINGEN - ÅSLIANE - TREKKING AV ADMINISTRATIV MOTSEGN
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Trekking av motsegn til detaljplan - Gullingen
Gnr 4 bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane - Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljplan
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane, Gullingen - Offentleg ettersyn.
Gnr 4 bnr 2 mfl. - Kommentar/klage til Detaljplan Åsliane - Gullingen
Reguleringsføresegner Åsliane
2018-11-22_Planomtale_DREG ID 201702_ Rev 22.11 Åsliane
Gnr 4 Bnr 2 mfl. - Uttale til detaljplan Åsliane, Gullingen
Gnr 4 Bnr 2 - Svar til Detaljplan for Åsliane, Gullingenområdet - til offentleg ettersyn
Gnr 4 bnr 2 mfl. - Detaljplan Åsliane - Gullingen - uttale
Gnr 4 Bnr 2 m.fl. - Uttale til detaljplan Åsliane Gullingen
Gnr 4 Bnr 2 mfl - DETALJPLAN ÅSLIANE GULLINGEN PÅ OFFENTLEG ETTERSYN - UTTALE

Saksopplysningar**Samandrag**

Saka gjelde framlegg til detaljreguleringsplan for Åsliane. Området inngår i reguleringsplanen for Gullingen/Mosvatn-området og er i plankartet vist som framtidig byggeområde, Fritidsbebyggelse 4.

Føremålet med planframlegget er å få vedtatt ein detaljert utbyggingsplan for området med fritidshus og tilhøyrande infrastruktur i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Framlegget legg til rette for at det kan byggast 62 nye fritidsbustader med tilhøyrande veg og parkeringsareal.

LMT-utvalet handsama saka i møte den 26.06.18, sak 072.18 og gjorde følgjande vedtak: *Suldal kommune viser til rådmannen si innstilling og vil i medhald av § 12-10 i plan- og bygningslova legge planframlegget for Åsliane-Gullingenområdet ut på offentleg ettersyn på følgjande vilkår:*

- *Det må setjast av eit område for leikeplass i planframlegget.*

Saka har nå vært ute på offentleg ettersyn med frist for merknader innan 31.08.18. Det er kome inn merknader som er kommentert i saksframstillinga.

Rådmannen rår til at ein godkjenne planen slik den nå ligg føre.

Fakta

Norconsult AS er engasjert av Gullingen utviklingselskap AS til å utarbeide framlegg til detaljreguleringsplan for Åsliane. Området inngår i reguleringsplanen for Gullingen/Mosvatn-området og er i plankartet vist som framtidig byggeområde, Fritidsbebyggelse 4.

Føremålet med planframlegget er å få vedtatt ein detaljert utbyggingsplan for området med fritidshus og tilhøyrande infrastruktur i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

”Hovedmålet med planen er å bygge ut Mosvatnet/ Gullingenområdet med fritidsboliger, reiselivsbygg, sport og friluftaktiviteter, ved å ta utgangspunkt i de naturlige og menneskeskapte ressursene som er i området, dvs natur og kultur, landskap og arkitektur, utbygde hytteområder, jakt, fiske, samt ulike fasiliteter og reiselivsmessig infrastruktur (fjellstue, skianlegg, løype osv.).”

-Sitat frå KU Reguleringsplan Mosvatnet/Gullingen området. Asplan 15.2.2008

Dette framlegget blir det første av dei fire byggeområda i reguleringsplanen.

Hovudmåla for for planarbeidet er:

- Tilrettelegging for byggetomter underordna landskap og topografi
- Tilrettelegging for teknisk infrastruktur
- Tilrettelegging ny trase for skiløype
- Areal til mellombels steinbrotsuttak av masse til byggegrunn

Planområdet omfattar begge sider av Blåsjøvegen, lokalisert om lag 500m sørover frå avkøyrsla frå FV 632 Gullingenvegen. Detaljplanområdet ligg i eit slakt kupert landskap i helling mot nord. Terrenget er stort sett dekkja av jord- og myrmassar i varierende mengde. Frå den flate Breiastøldalen

stig terrenget gjennom Åsliane mot nordvest før det stuper ned mot Mosvatnet.

I planområdet er det forutan seks fritidsbustader, ei varmestove som høyrer til skisenteret. Eit mindre bygg som inneheld trykkforsterkningsanlegg tilhøyrande det kommunale VA-anlegget er lokalisert i nordre del av området. Aust for vegen ligg ein ikkje opparbeid skiløypetrase som bind saman løypenettet ved Mosvatnet og løypenettet i Breiastøldalen.

Fyllmassar til byggjeføremål har fram til nå blitt tilkøyrde frå andre område og i dei seinare åra stort sett frå Suldalsdalføret. Dette inneber både miljømessig og økonomisk unødvendige kostnader. Det blei derfor tidleg vurdert som ei god løysing å ta ut sprengstein til opparbeiding av infrastruktur og byggegrunn i ein berggrunnskolle sentralt i planområdet. Det er ikkje søkt om driftskonsesjon då ein legg til grunn at minerallova § 3, 2 ledd gir unnatak for det i dette tilfelle. Og at direktoratet for mineralforvaltning vil vurdere dette i sitt høyringsvar.

Framlegget legg til rette for at det kan byggast 62 nye fritidsbustader med tilhøyrande veg og parkeringsareal. Det er trong for utskifting av massar og det er difor sett av eit område til masseuttak som, når utbygginga er ferdig, vil ryddast og leggjast att med overflatestruktur som er tilpassa formene i nærliggande terreng.

Planområdet har terrengfall hovudsakleg mot nord, men òg mot aust og vest. Dette er og viktigaste utsiktsretningar frå dei tre delområda Åsliadn, Øykjahålo og Steinaslåtto. Steinaslåtto har mindre høgdeforskjellar medan tomtene i Øykjahålo har lett skrånande terreng med fall jamt over på 1:6. Åsliadn er meir variert frå flate tomter til lett skrånande tomter.

Byggeområdet Åsliadn blir planlagt for utbygging med etablerte hyttetypar («ferdighytter»).

For områda Øykjahålo (frittliggende bygg) og Steinaslåtto (konsentrert utbygging) er det utvikla egne ideskisser for bygningsutforminga. Det er lagt vekt på at kvart av områda får samordna karakter med tanke på form, materialbruk og farge. Her er nytta bygningsvolum med to høgder, samansett pulttaksform, og pulttak, for å oppnå maksimale dagslysinntak frå sør.

Det er lagt til rette for garasje /sportsbod med takterrasse i direkte tilknytning til fritidshusa.

Siktemålet er grupperte, kompakte utbyggingar der ein tek omsyn til topograf, klimatilhøve (vind, sol) og utsikt, samt å sikre grad av privathet i høve til naboskap og offentlege romsoner.

Utbygginga av Øykjahålo og Steinaslåtto medfører at eksisterande trase for skiløype må leggjast utanom desse områda. Trase for løypa blir tilrettelagt i terrenget frå Åsstølen via Øykjahålo og svinga ut mot Bekkedalen, like forbi tuftene etter høyløya på Steinaslåtto, før løypa tek seg opp til eksisterande utgangspunkt ved parkeringsplassen langs Blåsjøvegen. Det ikkje tillate med parkering langs hovud- og samlevegane ved eigedomane. Traseen er føreslegen 5 meter brei.

Området ved Gullingen skisenter med varmestove, sanitærrum, parkeringsplass og oppstillingsplass for campingvogner skal vidareførast med uendra bruk. Området som ligg innanfor faresona for ras

kan ikkje fortettast eller vidareutviklast.

Alle nye eigedomar skal ha tilkomst til tomtearealet direkte frå veg.

I Åsliadn er det sett av to områder til parkering. SPH1 er parkeringsareal sett av til parkeringsanlegg som har mogelegheit for parkeringsareal med takoverbygg. Vinterstid vert

det ikkje tillate med parkering langs hovud- og samleveggar ved eigedomane.

I Øykjahålo skal det vere parkering i underetasjen, medan i Steinaslåtto er det garasjeløysing mellom bueingane.

Parkering langs Blåsjøvegen vidareførast med dagens parkeringsordning for SPP1. Parkeringsarealet vert utvida mot sør med SPP2.

SPP4 er reservert for gjesteparkering til Steinaslåtto.

SPP3, SPP6 og SPP7 er i revidert planframlegg slått saman til ein parkeringsplass SPP3. Det vert her plass til 18 personbileiningar som skulle stetta kravet om 1,5 plass pr fritidshus.

SPP8 er avsett til gjesteparkering for ÅsliadnOmrådet blir forsynt med vatn frå eksisterande trykkstasjonar.

For området blir det utarbeidd eigen teknisk plan for vatn og avløp knytt opp mot reinseanlegget ved Mosvatnet. Straumforsyninga i området blir lagt i jordkabel. Høgspenlina som går i retning sør-nord blir kabla i grøft gjennom planområdet. Det blir lagt til rette for framføring av fiber. Alt avfall skal leverast til eigna kontainerar på renovasjonsområdet. Det er krav om universell utforming av alle nybygg etter gjeldande reglar.

Det er gjennomført ROS-analyse og det vart utført ei synfaring 7. november 2017 av ingeniørgeolog Reidar Blesvik frå Norconsult AS i området der det er planlagt massetak. Ein vurderer bergarten å vere ein del av grunnfjellmassivet som består av granittiske bergarter.

Når det gjelde uttak og drift av masseuttaket vil ein etablere anleggsveggar i trase for framtidig køyreveg, slik at belastninga på eksisterande vegnett blir svært avgrensa. Samtidig vil bevaring av eksisterande vegetasjonsskjerm skjerma for det visuelle innsynet til uttaket. Det blir ei utfordring med plassering av massar som må skiftast ut og mellombels lagring blir nødvendig. Utsiftinga av massar vil truleg først skje i veglinjene og deretter i tomtene. I Åsliadn vil det bli vurdert å bruke gravemassar til etablering av ein om lag ein meter høg voll som skjerming mot Blåsjøvegen.

Uttakområdet er valt for å avgrensa grad av innsyn. Både i fjernverknad og nærverknad ligg brotetog

brotområdet eksponert mot søraust. Spesielt området Øykjahålo vil bli utsett. Åsstølen, Hovestølen, Stavastølen og Nyastølsområda ligg skjerma for innsyn til steinbrotet.

Det blir lagt opp til interimsløysingar med omsyn til anleggsveggar i uttaksområdet. Her skal det også setjast av areal til mellomlagring av avdekkings- og gravemassar som etter endt steinproduksjon skal nyttast til attfylling av krateret. Heile området skal til slutt gjevast ei terrengform som samsvarar med topografien på staden og leggast til rette med toppmassar for naturleg reetablering av vegetasjonsdekket. Steinbrotet blir planlagt opna frå søraust med inngang på kote 597. Det skal takast ut nødvendig mengde stein til opparbeiding og byggemodning i planområdet.

Det skal leggjast opp til etappevis byggjemodning i planområdet med klargjering av heile byggjefelt. Framdrifta i steinproduksjonen vil såleis i stor grad bli styrt av etterspurnad, men det blir lagt til grunn at steinbrotsdrift og landskapsarbeid kan vera avslutta og ferdigstilt innan år 5 etter plangodkjenning.

Drifta av steinbrotet må bli sesongbetont. All steinproduksjon vil derfor skje mellom 1. mai og 1. desember. Nattarbeid skal ikkje tillatast. Driftstid skal vere mellom klokka 0700 og kl. 1900 frå måndag til fredag og full stans på alle helge- og høgtidsdagar, samt juli månad. Det kan bli aktuelt med drift av knuseverk i korte periodar.

Avrenning av overflatevatn blir leia ut i terreng for filtrering i mosedekket.

Det er utarbeidd ein illustrasjonsplan over masseuttaket jfr vedlegg til saka.

LMT-utvalet handsama saka i møte den 26.06.18, sak 072.18 og gjorde følgjande vedtak: *Suldal kommune viser til rådmannen si innstilling og vil i medhald av § 12-10 i plan- og bygningslova legge planframlegget for Åsliane-Gullingenområdet ut på offentleg ettersyn på følgjande vilkår:*

- *Det må setjast av eit område for leikeplass i planframlegget.*

Lover, føresegner, rundskriv

Plan- og bygningslova kap 12.

Gjeldande planar, retningsliner og vedtak

Gjeldande kommuneplan for 2015-2024 og gjeldande reguleringsplan for Mosvatnet, plan ID 201210.

Innkomne uttalar

I samsvar med vedtak i LMT-utvalet i sak 072/18 og plan- og bygningslova § 12-10, har planframlegget vært ute på offentleg ettersyn med frist for merknader innan 31.08.18.

Følgjande merknader ligg føre;

Fylkesrådmannen v/kulturavdelinga i skriv av 09.07.18:

I planframlegget som er på høyring er kulturminnet id. 5378-1 regulert til friluftformål i kombinasjon med omsynssone c), SOSI- kode H570. Korrekt omsynssone for automatisk freda kulturminne er omsynssone d), SOSI kode H730, bandlegging etter kulturminnelova.

Følgjande framlegg til ordlyd må erstatte føresegna § 46: Omsynssone H730, bandlegging etter lov om kulturminner: Innanfor omsynssone H/#= for bandlegging etter lov om kulturminner finnes det ei kullgrop id.5378-1. Det er ikkje tillatt å setje i gong tiltak som kan skade, ødelegge, eller utilbørleg skjemme kulturminna, eller foreta noko form for fysiske inngrep i området, jfr kulturminnelova §§3 og 8. Eventuelle tiltak innanfor området må på førehand avklarast med kulturminnemynden jfr lov om kulturminner §§ 3 og 8. Fortrinnsvis bør slike tiltak fremmast i form av ei reguleringsendring.

Fremme på bakgrunn av dette administrativ innsigelse til planframlegget.

Kommentar: Dette er lagt inn i plankart og føresegner.

Fylkesrådmannen v/kulturavdelinga i skriv av 14.11.2018:

Trekke attende motsegna. Peike likevel på at det er feil tittel på omsynssone H730, som skal vere bandlegging etter kulturminnelova.

Kommentar: Merknaden er imøtekomen.

Fylkesrådmannen v/regionalplanavdelinga i skriv av 09.08.18:

Gir fagleg råd om å legge heilårs gongtrafikk i BST inn i rekkjefølgjebestemmelsene for planen. Vidare bør det vurderast tiltak for å sikre trygge overgangar på Breiastølveien til/frå hytter eller skisenter.

Fleire av fritidshusa stride med kommuneplanbestemmelsane (4.2.1) kor storleiken er avgrensa til 90 m² BYA (eksklusiv terrasse). Gir fagleg råd om å justere gjeldande reguleringsplan til å vere i samsvar med kommuneplanen i Suldal.

Kommentar: Føresegna for BST er endra slik at det kan etablerast heilårs gongeveg. Det vert lagt inn

stiar knytt opp mot BST. Stiane vert lagt opp mot veg med tanke på sikre stader for kryssing.

Fylkesrådmannen vise til føresegn punkt 4.2.1 i gjeldande kommuneplan der storleiken på hytter er avgrensa til 90 m2 BYA. Denne føresegna gjelde i LNF- område med høve til spreidd utbygging av fritidsbustader. Dette planframlegget ligg i eit område som allereie er omfatta av ein reguleringsplan og sett av til byggeområde fritidsbustader. Kommunen meiner det er forsvarleg med differensiert storleik på fritidsbustadene med BYA i nokre områder opp mot 120 m2. Dette med bakgrunn i utforming, plassering og tilpassing av fritidsbustadene til landskapet i det aktuelle området.

Statens vegvesen i skriv av 28.08.2018:

Uttale seg om siktilhøva ved krysset til fv 632. Statens vegvesen ber om at føresegnene tilknytt krysset vert endra.

Kommentar: I dialog med Statens vegvesen er føresegnene justert med følgjande ordlyd: Siktsonene skal utbetrast i samsvar med gjeldande plan og vere utbetra innan oppføring av fritidshusa tek til. Planføresegner må stille krav til teknisk plan i samsvar med R-700 viss det skal gjerast terrengmessige inngrep for å sikre siktsoner.

Mosvatnet hytteforening v/Atle Moe i skriv av 30.08.2018:

Ber Suldal kommune om at ein framleis har auge for området store naturkvalitetar og at ein tek omsyn tildette. Særskilt viser ein til at bruk av utelys bør dempast i mest mogleg grad. Masseutgravingsområdet bør skjermast i større grad og at utbygger bør ha ein reell plan for korleis området skal tilbakeførast. Vidare at det må vere torvtak på hyttene slik at dei går meir i ett med naturen rundt. Erfaring tilseier at tretak lysnar med åra og fremhevar bygg, meir enn det dempar bygget sin karakter.

Kommentar: Det skal ikkje vere gatelys langs veg, men blir vurdert i kryss. Ein vidareføre kravet i gjeldande reguleringsplan for Mosvatnet med omsyn til taktekking og satse på torvtak i tillegg til tre. I høve til masseuttaket så har ein lagt vekt på mest mogleg skjerming samt ein plan for tilbakeføring. Heile området skal til slutt gjevast ei terrengform som samsvarer med topografien på staden og leggast til rette med toppmasser for naturleg reetablering av vegetasjonsdekket jfr vedlagt illustrasjonsplan.

Suldal kommune v/folkehelsekoordinator i skriv av 30.08.2018:

Bør ha fokus på at det vert utarbeida ein samlingsplass ved slike felt. Bør innehalde nokon

leikeapparat, gjerne som flettar seg fint inn i omgjevnaden rundt. Sikker åtkomst til samlingsstaden og opparbeidng av stinett. Prioritere oppkobling til internett. Positivt at det vert lagt opp til informasjonstavler i området. Oppholdsrommet ved skitrekket bør pussast opp.

Kommentar: Det er lagt opp til ein etterbruk av området for masseuttak som friluftsområde BAA. Området skal innan 1 år etter avslutta steinbrotdrift, tilbakeførast til friluftsområde med opparbeidde gongeveggar, stiar og aktivitets- og møteplass for leik og felles samvære jfr illustrasjonsplan. Området vert utbygd med god nettdekning.

Gullingen Turistsenter i skriv motteke 31.08.18:

Turistsenteret ønskje kompensasjon for tapt areal som følgje av at del av campingvognarealet vert omregulert til parkering SPP3 for eksisterande hytter. Krev ny leigeavtale med plass til 75 vogner før planen vert godkjent.

Kommentar: Det er gjort ei endring i parkeringsplassane slik at det som i tidlegare planframlegg var SPP3, 6 og 7 vert no samla til ein felles parkeringsplass- SPP3. Det vert her parkeringsplass til 18 personbileiningar, noko som skulle stetta kravet om 1,5 plass pr. fritidsbustad. Området som i tidlegare planframlegg var sett av til parkeringsplass SPP3 som Turistsenteret nemner, er nå sett av til BFT. Merknaden er såleis imøtekommen.

Fylkesmannen i Rogaland i skriv av 03.09.2018:

Gjer fagleg råd om om at det blir sett av meir areal i form av grønkorridorar, som vil sikra varig god samanhengande grøntstruktur gjennom planområdet.

Tilrettelagt fellesareal for hytteområda bør også vurderast.

Ta omsyn til vassdraget som ligg innanfor planområdet.

Masseuttak: Omdisponering av areal til masseuttak er konfliktfylt i forhold til landskapsbildet og friluftsverdiane i området. Saknar ei nærare grunnigjeving for trongen for eit masseuttak sentralt i planområde. Saknar og ein nærmare vurdering av nær- og fjernverknad av uttaket, i form av ei landskaps analyse/illustrasjonsplan både under driftsperioden og etter avslutningsfasen.

Vidare er det viktig at naudsynte føresegner er innarbeidd i planen. Slik planen fremstår no, er det ikkje sett ei avgrensing i forhold til uttaksvolum og avslutningstidspunkt, noko som er vesentleg for å ivareta område sine landskaps-, natur og friluftsverdiar. I tillegg må det gå klart fram kva for kotehøgde som gjeld for uttaket, og korleis området skal tilbakeførast. Til planen bør det og følgje eit kart som viser konkret avgrensing av uttaksområdet. Fylkesmannen har motsegn til planen slik den nå ligg føre, og ber om at ovannemnde punkt blir innarbeida i planen. Det bør og vurderast å stille krav om reinseanlegg mot myr og vassdrag for å hindra avrenning og forureining.

Kommentar: Kommunen meiner planframlegget er utforma slik at det sikrar ein god grøntstruktur i området. Kantvegetasjonen langs vassdrag skal ikkje endrast.

Aktivitetsområde og møteplass er sett av plass til i etterbruken av uttaksområdet .

Når det gjelder masseuttaket, har ein imøtekome Fylkesmannen sine krav gjennom ein illustrasjonsplan i tillegg til utfyllande føresegner jfr spesielt § 23-25.

Avrenning frå masseuttaket vert sikra med sandfang med avrenning til naturleg filtrering i nærliggande terreng.

Fylkesmannen i Rogaland i skriv av 09.11.2018:

Trekke tilbake motsegna. Men har likevel fagleg råd om:

- Ber kommunen tydelegjere kva det betyr at steinbrotet skal opnast på kote 598 m.o.h, jfr § 23 i føresegna.
- Føresegna bør presisere at tilbakeføring skal skje med stadeigne massar i toppsjiktet
- Det bør presiserast i føresegna at avrenning frå masseuttaket ikkje må forringa resipienten.

Kommentar: Det ver skissert nye koteliner tilpassa plan for etterbruk, som eit vedlegg til illustrasjonsplanen. Elles er presiseringane frå Fylkesmannen teke inn i §§ 24 og 25 i føresegnene.

Vinjar Grendeual v/Svoldal i e-post 21.08.18:

Har ingen merknader til planframlegget.

Vurdering og konklusjon

Rådmannen viser til at planframlegget ikkje har motsegn og kan såleis slutthandsamast av kommunestyret.

Rådmannen meiner at planframlegget er godt gjennomarbeidd og ivaretek naudsynte omsyn.

Vilkåret i LMT- utvalet sitt vedtak i sak 072/18 om å setje av eit område for leikeplass vurderer rådmannen som oppfylt i og med at område BAA i planframlegget skal tilbakeførast til friluftsområde med opparbeidde gongeveggar, stiar, aktivitets- og møteplass for leik og felles samvære.

Omsynet til leirskulens bruk av området har også vært vurdert i denne planprosessen der ein mellom anna har lagt vekt på å få grøntkorridorar og rekkjefølgjekrav for skiløypa BST. Rådmannen meiner også at det er blitt arbeidd godt med krava til masseuttaket slik at ulempene bli minimert.

Med henvisning til utgreiinga i saka, rår rådmannen til at ein godkjenne planframlegget slik det nå ligg føre.

04.12.2018 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Ugilde personar	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Klara Holmestad Nerheim		

Handsaming:

Spørsmål frå Klara Holmestad Nerheim, Ap om ho er ugild i saka - ho er grunneigar - utvalet finn ho ugild

Røysteresultat:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

LMT- 118/18 Vedtak:

Suldal kommune viser til rådmannen si innstilling og vil i medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenne detaljplan for gnr.4 bnr.2 m.fl. Åsliane, Gullingen, sist revidert 23.11.2018.

13.12.2018 Kommunestyret

Ugilde personar	Følgjande varamedl. møtte	Merknad
Henrik Halsne	Oddvin Marvik	
Klara Holmestad Nerheim		

Handsaming:

Henrik Halsne, AP, styreleiar Gullingen utviklingsselskap, spør seg ugild i saka.

Kommunestyret finn han ugild etter lov.

Klara Holmestad Nerheim, AP, spør seg ugild som grunneigar i området.

Kommunestyret finn Klara Holmestad Nerheim ugild.

Røysting:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling.

K- 064/18 Vedtak:

Suldal kommune viser til rådmannen si innstilling og vil i medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenne detaljplan for gnr.4 bnr.2 m.fl. Åsliane, Gullingen, sist revidert 23.11.2018.